



OMEGA 365 AREAL AS
Kvassanesvegen 4

5582 ØLENSVÅG

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Sara Brattfjell Heggland		2022/1670-7		23.08.2023

Bed om tilbakemelding - Oppstartsmøte og prosessavklaring - PlanID 20220005 – PlanID 20220005

Viser vidare til vedlagt brev utsendt 15.08.2023 til tiltakshavar, og bed om skriftleg tilbakemelding innan 05.09.2023. Svar kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no (ref. 2022/1670.)

I telefonsamtale 17.08.2023 vart det opplyst om at referat frå oppstartsmøte ikkje har tidlegare har vore sendt ut. Vedlagt er referat frå oppstartsmøte 22.03.2022 som avtalt for gjennomsyn. Det er beklageleg at referat ikkje har vore sendt ut tidlegare.

Planintaitv innsendt 14.02.2022 viser til at eit føremål å legge til rette for køyrbar tilkomst til fire hyttetomter i Grunnvåg på Halsnøy som del av Detaljplanendring for 199/165 - Hyttefelt Grunnvåg – Halsnøy, PlanID 20120027 på eigedom 199/165. Det inneber endringar av gangveg (f_SGG) til veg med endringar i plankart og føresegn.

Det følgjer vidare av vedlagt referat frå oppstartsmøte at planen skal utarbeidast som detaljregulering jf. pbl § 12-3. Det følgjer vidare at ein på møtetidspunktet kunne tilrå oppstart, men at det var enkelte forhold som ikkje var tilstrekkeleg avklart. Kvinnherad kommune viser til at det skal vurderast å inkludere vegkryss mot Fv 5052 i planens avgrensing. Det er også presisert at det er krav om ein meir utfyllande vurdering om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing enn det som følgjer av planintiativet. Viser til at [vegnorm for Kvinnherad kommune](#) no er vedteken.

Som nemnd i brev 15.08.23 følgjer det av referat av oppstartsmøte s. 19 følgjande:

Avslutning av sak / manglande oppfølging frå forslagsstillar

Dersom planoppstart ikkje er dokumentert kunngjort innan 6 månader etter oppstartmøte, avsluttast saka og nytt oppstartmøte må haldast før kunngjering av planoppstart. Tilsvarande gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 1 år etter oppstartmøte.

Det reknast i tilfelle gebyr for nytt oppstartmøte.

Vidare avsluttast saka om korrigert planforslag ikkje er motteke innan 6 månader etter høyringsfristens utløp. For dette tilfellet blir det fakturert halvt basisgebyr. Vi ber om status før saka vert avslutta.

Dersom kommunen finn at det er legitime grunnar til at saka ikkje er komen vidare vil det bli vurdert om fristane skal utsetjast. Føremålet med å avslutte saker er å sikre god framdrift og avklare kva saker som er aktuelle.

I utgangspunktet tilrår ein med dette at det vært tinga nytt oppstartsmøte for å avklare prosessen vidare.

Bed om skriftleg tilbakemelding på utsendt brev 15.08.2023 for å avklare vidare prosess, og vedlagt referat frå oppstartsmøte datert 22.03.22.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Sara Brattfjell Heggland
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
ØYBYGG AS

Bjoanesvegen 62; Landamarka